

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 05.03.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Kenneth Vikane, Marta Samland, Olav Bernt Samland, Sigmund Eiken, Una Eiken og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Lars Sæverhagen.

Referent: Kaia Gulbrandsen

**Sak 2018/15: Innkalling og dagsorden; godkjent.**

**Sak 2018/16: Godkjenning av referat frå styremøte 12.02.18; godkjent, ingen kommentarar**

**Sak 2018/17: Informasjonssaker, status diverse pågåande saker;**

- Korrespondanse med Statens Vegvesen om vøling av veg; Gunnar har vore i kontakt med Statens vegvesen ved Ole Endal Svåsand ang vegen frå Loto – Herand båthamn; dei har svart i brev og er kjend med at vegen er dårleg, men er usikker på når ny asfalt vert prioritert her grunna lite trafikk og låg status på vegen. Vi tar saken vidare med Nasjonale Turistveger og ser om dei kan setje fart i saka.
- Utbetaling av siste rest av stønad til nytt kjøkken frå Jondal kommune; Gunnar har bede om restutbetaling av 50.000,- frå næringsfondet i Jondal kommune til kjøkkenprosjekt, og desse vil bli utbetalt.
- Korrespondanse med Jondal kommune om vegskilting; Gunnar har sendt brev til kommunen om at vegar bør få vegnamnskilt etter innføring av nye gateadresser, ikkje fått svar enda.
- Koordinering med Juklafjord om dag for haustmarknad; Gunnar har sendt eit brev og gjort oppmerksom på at HB skal ha haustmarknad 6. oktober. Dei ser på saka og kjem att vidare.
- Status lys/lyd komite; brukarlaga til Herand Kulturhus har fått invitasjon til å komme med innspel om behov. Ingen tilbakemeldingar. Komiteen jobbar vidare med saka.
- Status ny butikk; det har vore fleire maledugnader, malinga er ferdig. Rekruttering av personale går sin gang. Elles ikkje mykje å melda.
- Brannsikring Herand Kulturhus; Gunnar har sendt brev om saka til brannsjef Georg Kvåle. Har ikkje fått svar enda. Nytt skumapparat til kjøkken er på plass.

**Sak 2018/18: Dagsorden for årsmøte 18. mars;**

Ingen innkomne saker meldt til frist 04.03.18.

Fullstendig innkalling kunngjerast, vanlege årsmøtesaker:

- Val av møteleiar og referent
- Val av to til å signere møte protokoll
- Godkjenning av innkalling og saksorden
- Framlegging av årsmelding og revidert rekneskap
- Val av styreleiar, styre, revisor og valnemnd.

Utkast til årsmelding og foreløpig oppstilling av rekneskap for 2017 vart gått gjennom og kommentert. Endelege versjonar vert førelagt styret for godkjenning før årsmøtet.

**Sak 2018/19: Utnemning av medlem til styret i Herand Aktiesagbruk;**

Lars Sævarhagen er Herand Bygdelag sin representant på årsmøtet i Herand Aktiesagbruk torsdag 15.03.18. Bygdelaget ynskjer at Hardanger og Voss Museum sikrar drift ved saga i framtida.

**Sak 2018/20: Ymse;**

- Jondal Frivilligsentral inviterer til seminar for frivillige lag laurdag 20.04 kl. 10.00 – 15.00 på Juklafjord. Bygdelaget stiller med så mange styremedlemmar som mogleg, og oppmodar andre lag i bygda og til å vere med.

**Neste møte tysdag 03.04.18 kl 19.00 (må avklarast med nytt styre i samband med årsmøte)**